

Referat frå FAU-møte

Sviland Skule 13.11.2018 Tilstades: Rektor, Fau-leiar, Jørn, Heidi, Thomas, Gezien, Monica, Ørjan. Fråfall: Siril, Siri

Sak nr 1 -Informasjon frå rektor.

4 lærarar har vore utanlands i regi av Traces of Europe

November er ei travel tid for lærarstaben med elevundersøkingar, nasjonale prøvar og utviklingssamtalar.

SMART-oppvekst: Fokus denne månaden er Sjølvkontroll. Det kan me hjelpe elvane med heime òg. Rektor snakka litt om at elevane bør vera takksame, som òg er eit av nøkkelorda i SMART: Eks. Elevane var veldig glade for å få croom-book, men tek ofte ting for gitt!

Inga spurde om innspel til Kfu der dei diskuterer økonomien til skulane i Sandnes. SU skal senda ei høyring inn til kommunen?

Sak nr 2 oppsummering tv-aksjonen, status popcorn-party og nyttårsball.

Dei var akkurat nok folk til å reisa rundt med bøssene. Neste år bør ein kanskje informera betre om på at det er obligatorisk å møta? Foreldre som ikkje kan møta, bør prøva å finna besteforeldrar eller andre til å møta for seg? Inntektene vil bli førté på 5.klasse sin konto.

Nyttårsballet for 5.-7.klasse er i privat regi. Pop-corn-partyet er 4.klasse sitt ansvar. Siri har sagt at dei allereie har fordelt ansvaret på 5 stk i klassen.

Sak nr 3 -13.desember vert det **juleavslutning**. Det vert to førestillingar same kveld med ein felles pause/cafè imellom. Det må informerast til klassekontaktar om at det må skaffast 4 fat frå kvar klasse, 2 av fata skal vera kake og to kan vera påsmurte rundstykker el. 2 kanner kaffi pr klasse. Thomas handlar inn ca 250 flasker med brus. Det var for lite både mat og brus i fjor.

Evt.

Inga prøver å avtala dato med foredragshaldarar til Stormøte til våren. Me satsar på 14. eller 28.mars